

Ikkje semje i Jostedalen

STATKRAFT HAR STORE planar om å byggja ut så godt som resten av kraftpotensialet i Jostedalen. No er det Vigdøla kraftverk det er søkt om

konsesjon for. Det handlar om overføring av vatn frå fleire elvar på vestsida av dalen, til Tunsbergdalsvatnet og vidare til Leirdøla kraftverk. Eit hovudpeng er å syta for betre utnytting av eksisterande kraftstasjon. Ei slik overføring av vestsideelvane skal gje ein produksjonsvinst på om lag 125 GWh og kostar rundt 430 millionar kroner.

Dei veit kor gale det kan gå når desse elvane går over sine breidder.

TANKEN OM Å BYGGJA ut vestsida er på ingen måte ny. Heilt sidan storflaumen i 1979 har krefter jobba for å få lagt desse elvane i røyr. Men nesten like lenge har det verka som om motstanden mot denne kraftutbygginga er mange gonger større enn viljen til å byggja ut. Det er liten tvil om at motstandarane mot utbygginga av vestsideelvane, har vore langt meir synlege i debatten enn tilhengjarane. Førbeles har aksjonsgruppa mot ei kraftutbygging vunne fram.

MEN DEI SISTE dagane har det vorte sådd tvil om kor stor motstanden eigentleg er. I Sogn Avis laurdag stod åtte grunneigarar fram og argumenterte sterkt for at utbygginga må koma.

EIT VESENTLEG MOMENT for utbyggingstilhengjarane er det argumentet som har vore framme heile tida sidan Jostedalen vart råka av den store flammen i 1979. Nemleg at berre ei regulering av desse elvane vil sikra at ein slik storflaum ikkje gjentek seg. Det er kanskje ikkje tilfeldig at det er dei som hugsar flaumen for over 30 år sidan, som er dei største tilhengjarane av utbygginga. Dei veit kor gale det kan gå når desse elvane går over sine breidder.

KOMMUNESTYRET SKAL SEIA sitt i morgon. Formannskapet tvilte seg fram til eit nei til utbygging. Etter det me forstår var det debatten der, som gjorde at tilhengjarane av ei utbygging endeleg har kome på bana.

DETTE ER EI vanskeleg sak for dei folkevalde i ein kommune som allereie både er hardt råka av, og økonomisk velsigna med – store kraftutbyggingar. Men det er uansett feil å framstilla det som om lokalbefolkninga i Jostedalen er samla i synet på denne konsesjonssøknaden.

PÅ NOVERANDE TIDSPUNKT trur me uansett at formannskapet si tilråding er det einaste rette – eit nei til Statkraft no, men med opning for ei utbygging seinare.



Kristin Sønnerheim

Kulturarven – penger til riving – ikke vøling

Så er det endelig. Gamle Prestebustaden skal rives. Rivingen ska koste ca. 600.000,- kroner. Hvor kommer pengene fra? Var de med på budsjettet for 2011? I over 10 år har både teknisk etat og politikere visst om at boligen har tatt inn vatn, men ikke foretatt seg noe som helst for å tette lekkasjen.

Alle som eier et hus, og det gjør de fleste i Aurland, vet at en lekkasje må stoppes fortest mulig for å begrense skadene og holde huset i god stand.

Da gamle prestebustaden ble stilt til disposisjon for psykiatrien var det et stort framskritt. Her var kjøkken ned matsal, stor stove til samlinger, dagligrom, arbeidsstove og rom for avlasting.

Da lekkasjen fikk fortsette og det ble råtelukt i underetasjen måtte denne stenges av og nå skal altså huset rives.

Tilbudet i psykiatrien blir dermed svekket og hvilke planer har kommunen for å rette på dette? Prestebustaden var en markant bolig som ga en fin avslutning på et spesielt byggefelt fra Krossgata og ut til Helse-tunet. Et område med bustadhus bygd i perioden 1900–1930 pluss en del eldre bygg. Området er i kommunens egen

kulturminneplan plassert i kategori C og en del av bebyggelsen i B bl.a. det gamle skulehuset fra 1879. Det bygdefolket stiller spørsmål om er:

Hvem har ansvaret for at det i løpet av 10 år aldri ble gjort noe for å stoppe lekkasjen? Når en i en så lang periode ikke fant midler til vøling, hvordan fant en da midler til riving?

Dette er spørsmål bygdefolket gjerne vil ha svar på.

Kristin Sønnerheim

Jostedøler står ikkje samla imot utbygging

Det er ei gruppe aksjonistar i Jostedalen som prøver å skape eit bilde av at det er brei motstand i bygd i høve til Statkraft sin søknad om utbygging av Vestsideelvane og Vigdøla. På NRK Vestlandsrevyen denne veka kunne me sjå og høyre aksjonsleiar Bjørn Andre Skjæret seie at «dei fleste som har gjort seg opp ei meining er imot». Dette er ein påstand som eg trur dei vil ha problem med å dokumentere. Bodskapen deira og mange lesarinnlegg i avisa har tydelegvis gått rett inn hjå enkelte politikarar i Luster.

Ordførar Torodd Urnes uttalte på ettermiddagsendinga til NRK Sogn og Fjordane at hovudargumentet er den motstanden i Jostedalen som har vorte mot utbygging. Eg har til no hatt tiltru til at politikar i kommunestyret ville gjere seg opp ei meining om denne saka ut

frå fakta om saka. Ei vurdering av ulemper i forhold til dei positive sider ved utbyggingane.

Når ordføraren no på radioen hevdar at det er motstanden i Jostedalen som er hovudargumentet, reagerer eg kraftig på det. Eg vil oppmode aksjonsgruppa offentleggjere talet på sine medlemmer, samt deira underskriftslistar som viser kor mange fastbuande i Jostedalen som har skrive under på desse, for eksempel på si internettside. Dersom slik informasjon ikkje blir gjort kjent, vil eg tilrå politikarane å bruke anna hovudargument enn motstanden i Jostedalen når saka skal avgjerast. Det vil alltid vere dei som er imot noko som ropar høgast.

Ingar Norberg
Jostedalen

redaksjon @ sognavis.no

Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde,

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

ANNONSESJEF:
Leif Johannes Lunde

DISPONENT:
Ivar Henjum

www.sognavis.no